

TYLLDALEN

— ei gammel bygd med den første kyrkja i Nord-Østerdalen

AV ODIN KOTTE

Tylldalen er nørdeste bygda i Renadalføret. Byggediktaren, Ivar Øverby, har skildra naturen slik:

«Bratte bakkar -
høge fjell med gråe, kvasse nakkar,
I liom veks det gran og skog tå mange slag,
bygda ligg så lytt og har slikt rolegt lag.
Tysla tusler stilt og sakte,
men i flaumen syner ho kva ho kan makte.»

Mikkom dei høge fjell må eg nemne Tron og Tronkalven som stenger i nord og nordvest.

Tylldalen er ei gammal bygd med rike tradisjonar. Etter det professor Helland fortel, skal Tylldalen jamsides Folldalen og Kvikne vera segnrikaste bygda i Nord-Østerdalen. Lærar E.O. Øverby har nedskrive mange segn som er tatt med i bygdeboka vår.

I heiden tid var det offerplass her - på Lunden. Og folk frå vest og nord-og kanskje frå aust - var med på godeofringa. Da det vart kyrkje her, kom dei hit for å høre om Kvite-Krist.

Den første kyrkja skal vera bygd av pilegrimar ikring året 1170. Ho stod på Prestegardsjordet, litt nord for Olsberg (Olavsberget) i austlia av dalen. Denne kyrkja var den første i Nord-Østerdalen. Og bygdene nordafor Tylldalen sokna da hit - også Kvikne og Innset.

Tynset fekk si første kyrkje i 1211.

Den første kyrkja i Tylldalen var lita og låg. Folk stakk vottene sine under takskjegget, er det fortalt. Ho hadde ikkje vindaugo, berre gluggar med skjåar i.

Ei segn frå denne kyrkja må eg ta med her, segna om Reidar Reiten:

Reidar Reiten var ein velstående bonde med godt vett og meir opplyst enn folk flest i den tida. Han var medhjelpar i Tylldalskyrkja. Men han hadde - som så mange andre - sine ovundsmenn eller misunnarar. Desse ville «ta han», ikkje heime på garden hans, men i Guds hus. Det var vinter, og det skulle vera messe, grumesse. Dei visste Reidar ville koma til kyrkja, medan det enda var mørkt. Så hengde dei opp ein kvernstein innafor døra i kyrkjesvala. Og på golvet la dei ei råhud. meininga var at han skulle glette og så få steinen i hovudet. - Ja, Reidar kom til kyrkja som vanleg, men da han skulle ta i døra, ana han uråd og la på sprang sør etter jordet. Uvenene hans, som hadde stått på lur, sprang etter, skaut med pilar og drap han der ute på jordet. Staden der Reidar vart drepen, vart kalla Reidartuvene, og det namnet har han den dag i dag.

Jacob B. Bull fortel at det var tylldølen Trond Sudergardt (Sørgård) som var Reidars banemann. Trond var sjølv drepen med pil seinare, og på den pila stod det: «Helsing frå Reidar». Villskapen var enda stor mellom folk, sjølv om dei no hadde fått både kristendom og kyrkje.


Til kyrkja og prest hører også prestegard med. Og gard for presten vart og bygd i Tylldalen - like nord for kyrkja. Og her heiter det framleis Prestegard.

Den første kyrkja stod berre i ca. 50 år. Da vart det bygd ny og større kyrkje på samme staden. Den nye kyrkja vart kalla St. Olavs kyrkje - slik som den første (og slik som dei tre neste). og større kyrkje - slik som den første (og slik som dei tre neste).

Av «inventaret» i kyrkja nr. 2 er det mykje som har vekt åtgaum og interesse - også utanom landegrensa. Her vil eg berre nemne to-tre ting:

1. Ein statue av St. Olav, eit utskore trebilete 2 alen høgt, frå ikring 1250 - og gitt til kyrkja av pilegrimmar. Denne Olavsstatuen var i Tylldalskyrkja i lang tid. Men så kom reformasjonen. Relikvier og anna gammalt skulle ut av kyrkjene. Ein danskfødd prest, Niels Friis, tok Olavsstatuen vår og sendte han til kongen i København. Og der vart han nok tatt vare på - og sett pris på.

Under kyrkjejubileet i Nidaros i 1930 vart denne statuen utlånt til jubileumsutstillinga. Han stod der til framsyning i Olavshallen saman med ein liknande statue frå Bunge på Godtland. I katalogen stod det om dei: «De kan begge reknes blant



de mest betydningsfulle Olavsfremstillinger vi har fra middelalderen, hver av dem er også meget interessante som kunstverk. Tylldalsstatuen med den langskaftede øks i høyre hånd ansees for å være et trøndersk billedhuggerverk».

Hadde danskane vore reale, så ville dei ha gitt oss att statuen som den danske presten tok frå oss. Men så har nok ikkje skjedd.



2. Så vil eg nemnde ei bispestol, som og er noe uvanleg. Her vil eg herme hva konservator Ficher seier om han. Etter han først har nemnt Blakerstolen frå Lom og Gålåstolen frå Hedmark, seier han:

«Langt mer raffinert og elegant i skjæringen er bispestolen fra Tyllidal kirke. Den beherskede, ypperlige plasserte ornamentikken minner om samtidig beinskurd. Ved første øyekast kan den se tammere ut enn kampscenene fra Blakerstolen, men ser vi nøyer e etter, er det nok av kamp og ville dyr, drager og løver. Tylldalsstolen er vel et av de fineste stykker kunsthåndverk vi har fra Middelalderen».

Etter det konservator Erdman har sagt, er denne bispestolen frå 1220-1230 og såleis eldre enn Olavsstatuen. Han er no på Universitetets Oldsakssamling.

Tyldølen Gert Eggen har laga ein kopi av bispestolen. Og etter det fagfolk seier, har han vore svært heldig med dette arbeidet.

Denne stolen av Eggen er no innkjøpt til kyrkja vår. Både Tynset kommune og Norsk Kulturråd har gitt tilskott til kjøpet.

3. Då Gert Eggen var i Oldsakssamlinga for å studere den gamle bispestolen, som er nemnt ovanfor, kom han over ein brurstol, brurbenk, som og var komen frå Tyldalskyrkja - og som er mest like gammal som bispestolen. Både bispestolen og brurbenken «forsvant» frå bygda her i 1878.



Eggen har laga ein kopi også av brurbenken - og gitt han til kyrkja. Ei kjærkoma gåve som bygdefolket sett pris på.

Ja, frå kyrkja nr 2 er det mange interessante minne. Eg vil her herme kva bygdebokforfattaren Eystein Eggen seier:

«Disse katolske relikviene som her er nemnt, viser hvor langt fremme i kultur Tyllaldskjerka var alt i den første halvdel av 1200-åra. Blant de gamle østerdalskjerkene fins det ingen som har etterlatt seg så mange prektige relikvier. Den treskurden som her har vært utført på krakker, stoler, tavler og statuer, må tilskrives menn med «ekstasens inderlighet» for å bruke Moltke Moes ord om Draumkvedet. Det meste av dette kunstarbeidet må være utført av pilegrimer som kom tilbake fra Nidaros og ble sittende med ljomen og synene i seg. Så grep de etter arbeidsstålet og begynte å forme ut sine minner frå en merkelig stor og rik tid».